



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007
0030 OSLO

Deres ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2013/2123-2 Sigmund Røysland, tlf.35 08 28 23 V10 31.05.2013

Høyringsuttale frå Tinn kommune til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Syner til Dykkar høyringsbrev dagsett 19.04.d.å. med svarfrist i dag 31.05.2013.

Skal ordninga med tilskot til drenering av jordbruksjord vere ei handstrekning til primærninga i vårt distrikt må §4 i forskrifta ta omsyn til dette ved utmålinga av tilskot.

Vi foreslår følgjande tekst:

§4 Beregning av tilskudd

Tilskudd til drenering av jordbruksjord, avgrenset til systematisk grøfting, Profiler og omgraving utgjør 1000 kroner per dekar. Ved annen grøfting kan det gis 15 kroner per løpemeter grøft begrenset til 1500 kroner per dekar.

Beregnet tilskudd under 3000 kroner per søknad utbetales ikke.

Dreneringsbehovet i vårt distrikt er ganske stort og aukande. Små jordbrukseiningar der morene pregar jordsmonnet gjer at vårt behov for drenering er enkeltgrøfter som samlar overflødig vatn. Punktretta grøfting er relativt kostbar og skal vi sjå effekten av ei ny tilskotsordning for drenering av jordbruksjord, må satsane ta høgde for det slik som foreslått.

Med helsing

Sigmund Røysland
rådgjevar